

SP vil ha sterkare rettsleg vern av matfatet!

Fylkesårsmøtet er samd med Bondelaget i at det er behov for ei eiga stortingsmelding om jordvern og arealbruk med fokus på tiltak som kan hindre at dyrka jord vert bygd ned i det omfang me ser i dag.

Stortinget har som mål å halvera omdisponeringa av jordressursene innan 2010, Over 20.000 dekar god jord blir årleg omdisponert til andre føremål. Dette er eit alt for høgt tal når me veit at matjorda er ei begrensa ressurs som i Noreg utgjør berre 3 %.

Fylkesårsmøtet meiner det er eit paradoks at noko av den mest produktive matjorda ikkje har eit tilstrekkeleg rettsleg vern, samanlikna med til dømes skog og vassdrag.

Presset mot landbruksjorda på Jæren – midt i matfatet - vil berre auka i framtida. Fylkesdelplanen for langsiktig byutvikling på Jæren med eit 40-års perspektiv er eit viktig styringsverktøy for arealdisponeringa, og understrekar kor viktig det er med lokalt/regionalt politisk forankra planar. Spørsmålet er likevel om planen vil stå imot eit stadig aukande press utan eit sterkare rettsleg vern av matfatet.

Nåverande statlege tilsynsordning med fylkesmann og fylkeslandbruksstyre er styrt av skiftande politiske konstellasjonar og ideologisk ståstad gjennom skiftande regjeringar. I tillegg til eit sterkare rettsleg vern krev Senterpartiet i Rogaland at det i samband med forvaltningsreforma må opprettast eit nytt uavhengig forvaltningstilsyn som kan sikra at vedtak gjerd av lokale/regionale politiske styresmakter, er i samsvar med nasjonalt lovverk.